



Byggesaksavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår:

Saksbehandlar:

Kristin Nielsen

kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:

28.06.2017

Uttale til dispensasjonssøknad – gbnr 123/189 Risa

Vi viser til «*Oversending av dispensasjonssøknad til uttale - naust, kai, veg og oppstillingsplass - gbnr 123/189 Risa*» datert 31.05.2017, sak 17/1263. Det er søkt om løyve til riving av eksisterande naust, oppføring av nytt naust nærare sjølina, etablering av kai framfor naustet, samt etablering av tilkomstveg og biloppstillingsplass. Tiltaket er i strid med LNF-føremålet i *kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra*, frå byggegrensa i planen og frå arealføremålet *bruk og vern av sjø og vassdrag*.

Etter Planavdelinga si vurdering vil flyttinga av naustet vere i tråd med gjeldande plan, *kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra*. Der er det, i § 4.33, opna for flytting av 1 naust innanfor bestemmelsesområde #4 på gbnr. 123/2. Kommunedelplanen vart vedteken i 27.11.2015, og gbnr. 123/189 vart utskilt frå gbnr. 123/2 23.06.2016. Det er difor ikkje samsvar mellom gbnr. det er vist til i kommunedelplanen, men dette er det same arealet. Etter vår vurdering, vil den nye plasseringa for naustet ikkje hindre passasje til sjøen for ålmenta, og såleis vere i tråd med § 4.35.

Av konsekvensutgreiinga til kommunedelplanen, kap. 3.5, går det fram at det opnast opp for at eksisterande naust inst i vågen kan flyttast ut i flukt med dei eksisterande nausta, og at føremålsgrrensa vert å fungere som byggegrense mot sjø i plankartet. I vurderinga ligg det m.a. inne at ein tek omsyn til «steinnaustet» på gbnr. 123/5 ved å sikre at naustet på gbnr. 123/2 ikkje kan kome lengre ut i vågen enn dei eksisterande nausta. Med bakgrunn i dette, er vår vurdering at det ikkje er tilrådeleg å gi løyve til kai framfor naustet.

Omtalen av parkering i konsekvensutgreiinga, gir ikkje heimel for å etablere veg og parkering innanfor bestemmelsesområde #4. Konsekvensutgreiinga visert at parkering var eit tema ved utarbeiding av kommuneplanen, men plankart og føresegner opnar ikkje opp for etablering av dette innanfor bestemmelsesområdet #4 eller LNF-området. Det ligg inne krav om 1 parkeringsplass pr. naust i § 1.13 i kommuneplanen, men det ligg ikkje inne krav om at denne skal ligge på naustetomta. Planavdelinga vil tilrå at ein prøver å løyse etablering av veg og parkering i fellesskap for nausteeigarane i området på anna, nærliggande areal.

Oppsummering:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Planavdelinga vil tilrå flytting av naust, men frarå etablering av kai, veg og parkeringsplassar på gbnr. 123/189.

Med helsing

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.